

**PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

Møte:	3/2014
Tid:	Fredag 11. april kl. 09:30 – 14:00
Stad:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Nils Marton Aadland, Per Lerøy (frå sak 24/14), May Eva Sandvik (vara for Astrid A. Byrknes), Kari Aakre (sak 21-24/14), Hallvard Oppedal, Knut Moe, Marit Steinestø (vara for Karstein Totland)
Rådmenn:	Reidun Halland (ikkje sak 25-26/14), Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Hogne Haugsdal, Odd Ivar Øvregård,
NUI:	Rune Heradstveit, Anne Hildegunn Færøy (sak 24/14)
Andre:	
Forfall:	Kristin Handeland, Astrid A. Byrknes, Karstein Totland, Vidar Bråthen, Jan Olav Osen, Jarle Landås, Svein Helge Hofslundsengen

Sak 21/14	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 22/14	Godkjenning, møteprotokoll møte 2/2014 Møteprotokollen frå møte 2/2014 vart godkjent utan merknadar.
Sak 23/14	Status aksjonsliste Det vart litt diskusjon om kvite flekkar (mobil) og fiber. Ein var enige om at dette er ei viktig saka for heile regionen og at det vert førebudd ei sak til neste møte.
Sak 24/14	Selskapsavtale – Region Nordhordland helsehus IKS Rune Heradstveit orienterte om framlegg til selskapsavtale for <i>Region Nordhordland Helsehus IKS</i> og gjorde greie for vesentlige punkt i avtalen. Fordeling av røyster og kommunane sin eigardel i selskapet vart drøfta. Regionrådet kom fram til at framlegg til modell med ein del fast og resten fordelt på innbyggjartal skal nyttast, men at den faste prosentsetsen skal justerast slik at Lindås kommune får om lag 30% av eigarskapet. Det vart presisert at ingen av kommunane må koma over 33%. <ul style="list-style-type: none">▪ Låneopptak i IKS påverkar ikkje kommunane sine lånerammer▪ Kommunane skal ikkje inn med eigenkapital, men stilla garanti og stå som eigarar av IKS'et.▪ Selskapsavtalen må handsamast i kommunane før ferien

	<p>Vedtak: Regionrådet sluttar seg til framlegg til <i>Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS</i>, men med justeringar når det gjeld fordeling av eigarskapet. Regionrådet ber NUI leggja fram selskapsavtalen for handsaming i eigarkommunane. Regionrådet ber vidare om at NUI fortsett å jobba med prosjektet inntil nytt selskap er etablert. NUI sin daglege leiar vil også vera dagleg leiar i Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH).</p>
Sak 25/14	<p>Status Nordhordlandspakken AS Informasjon og diskusjon om Nordhordlandspakken AS. May-Eva Sandvik orienterte litt om møtet som skal vera i Lindås kommunestyre der Pål Kårbø og Helge Hopen kjem for å orientera om pakken slik den er no. Ho sa at mange i Lindås opplever at prosessen og informasjonen ikkje har vore god nok, og at mange spesielt reagerer på bomplasseringa ved Mundalsberget og at Knarviktunnelen er ute. Fleire meinte at det har vore god informasjonen om pakken og viste til at både styreleiar og konsulent Helge Hopen har stilt opp på møte i formannskap og kommunestyre, eller andre møte dersom dei har fått spørsmål om dette. Det har også vore grundige orienteringar om status fleire gonger i Regionrådet og på Nordhordlandstinget.</p> <p>Fleire peika på at Nordhordlandspakken vil vera eit løft for regionen. Ein skulle svært gjerne hatt med Knarviktunnelen no i fyrste fase, men at ein stiller seg bak det styret har kome fram til. Det viktigaste no er å stå bak søknaden slik den føreligg, og at den kjem til kommunane for handsaming. Byrjar ein å endra søknaden no, er det stor fare for at prosjektet ryk. Det er derfor viktig at sentrale politikarar no står opp for pakken. Det vil alltid vera motstandarar og andre forslag, men ein gong må ein bestemma seg.</p> <p>Det vart peika på at Lindås kommune ville ha stor nytte av oppgradering av Mundalstunnelen, ikkje berre i høve til trafikk og tryggleik, men og fordi det i dag ligg rekkjefylgjekrav som hindrar utvikling langs fjorden, t.d. i høve bustadbygging. Det vil vera avgjerande for dei andre kommunane at Lindås kommune også bidreg med bomstasjon.</p>
Sak 26/14	<p>Status utval</p> <p>Nærings- og samferdsleutvalet Kort orientering om tømmerkaiprosjektet – og at dette er eit viktig prosjekt for heile regionen. Prosjektet har fått tilsegn om 15,2 mill. frå staten, og ein har søkt om midlar frå fylkeskommunen. Dei håpar også å få ein del midlar frå kommunane i Nordhordland, og vil koma med søknadar.</p> <p>Helse Kort informasjon om møtet Helseutvalet skal ha med Helse Vest HF fredag 25. april. Hovudmålet med møtet er samtalar om fordeling av avtalespesialister.</p> <p>Kultur Ikkje noko nytt.</p>
Sak 27/14	<p>Gjennomgang / status – utval og prosjekt Lista vart gjennomgått og oppdatert.</p>
Sak 28/14	<p>Planlegging – møtet i Regionrådet 16.-17. juni Regionrådet var enige om at møtet fyrst og fremst bør handla om kommunestruktur, og at ein prøver å få til ein studietur i samband med dette. NUI jobbar vidare med saka.</p>

Sak 29/14	Meldingar og eventuelt
	<p>Per Lerøy tok opp misforståingar kring ordbruk i samband med kommunestruktur og interkommunale samarbeidsprosjekt. Mange politikarar både lokalt og sentralt snakkar om at det er så mange interkommunale selskap rundt om i landet – og at det går ut over demokratiet.</p> <p>Rune Heradstveit viste lista over samarbeidsprosjekt i regionen. Denne inneheldt nettverk, vertskommunesamarbeid, ulike samarbeid mellom to eller fleire kommunar, samarbeidsråd / medlemskap og interkommunale selskap. I Nordhordland har me d.d. tre interkommunale selskap; NGIR, Nordhordland revisjon og Nordhordland Utviklingsselskap. Det er viktig at alle er presise når me kommuniserer dette.</p>
	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Neste møte er 23. mai kl. 11:00 - 16:00.

Knarvik, 5. mai 2014



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS